



Magnar Askeland  
Rosslandsvegen 293  
5918 Frekhaug

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/8618 - 23/85609

Saksbehandlar:  
Øystein Hafnor Kolstad  
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.  
no

Dato:  
07.11.2023

## Varsel om kontroll av søknad om produksjonstilskot 2023

Alver kommune v/landbrukskontoret visar til føretaket sin søknad om produksjons -og avløysartilskot i jordbruket 2023.

I følge § 10 i Forskrift om produksjonstilskot, skal kommunen kontrollere at utbetaling av produksjonstilskot til aktuelle føretak er korrekt. Føremålet er å sikre at opplysningane i søknaden dannar rett grunnlag for utrekning av tilskot, og at tilskotet vert nytta til aktiv jordbruksproduksjon.

Rundskriv 2023/10 punkt 5, seier at minst 10 % av søkjarane i kommunen skal kontrollerast kvart år.

Forvaltningslova § 15, gjev reglar for korleis kontrollen skal gjennomførast, **og vi melder med dette at føretaket ditt er valt ut til kontroll etter gjeldande søknadsomgang.**

Føretaket ditt er trekt ut grunna feil ved den maskinelle kontrollen av **storfe** knytt mot husdyrregisteret, der søknadsopplysningar vert kontrollert mot registreringar i husdyrregisteret. Det kan vera fleire grunnar til avvik mellom opplysningar i søknaden og våre rapportar frå husdyrregisteret. Me vil difor foreta ein kontroll.

Kontrollen skal gjennomførast som dokumentkontroll. Då bed me om at de sender inn kopi av naudsynte dokument til kommunen for kontroll.

### Kontrollen vil omhandla:

- **Mjølkekyr og øvrige storfe som føretaket disponerte på teljedato 1.mars og 1.oktober som er registrert i husdyrregisteret.**

For å reknast som ei mjølkeku i samband med søknad om produksjonstilskot må kua ha kalva i løpet av dei siste 15 månadane før teljedato. For kyr av bevaringsverdig rase er kravet 18 månadar. Dødfødsel innanfor 20 dagar før venta kalving vert rekna som ei kalving. Kasting

tidlegare enn 20 dagar før venta kalving vert ikkje rekna som ei kalving, og kua kan då heller ikkje reknast som mjølkeku, men skal først opp som «Øvrige storfe» i søknaden.

For å kontrollera om alle dyr som er ført opp som mjølkekyr i søknaden har kalva innanfor dei siste 15 månadane treng me følgeleg informasjon om siste kalvingsdato for mjølkekyr. Dersom nokre kyr har hatt dødfødsel eller kasting i løpet av dei siste 15 månadane treng me og informasjon om insemineringsdato/ forventa kalvingsdato for desse individa.

Dokument som kan godkjennast er utskrift frå husdyrkontrollen/ kukontrollen datert 1.mars og 1.oktober som syner:

- Opplysningar om alle storfe som føretaket disponerte per 1. mars og 1 oktober 2023 (individnummer, fødselsdato og om dyret er ku/ kvige/ okse)
- Siste kalvingsdato/dagar sidan sist kalving for alle mjølkekyr og dokumentasjon på insemineringsdato/ forventa kalvingsdato for kyr som har hatt dødfødsel/kasting i løpet av dei siste 15 månadane.

I ku-kontrollen kan ein nytta rapportar under dyrelister og sortere etter dei ulike teljedatoane. I tillegg kan ein sortere etter antall dagar etter siste kalving.

Bed om at naudsynt dokumentasjon vert sendt til Alver kommune, Postboks 4 5906 Frekhaug eller på e-post til [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no) innan torsdag 30. november 2023.

#### **Merk dokumentasjon med saksnummer**

De har rett til å klage over avgjerda om å gjennomføre kontroll av føretaket sin søknad. Klagen kan vere munnleg eller skriftleg, men må fremjast straks, og seinast innan tre dagar frå de mottar varslinga. Det vert sett vekk frå helgedagar.

Ved spørsmål til kontrollen, kan de kontakte underteikna eller dei andre på landbrukskontoret.

Alver kommune innbyggjarservice: 56 37 50 00

Kontakt sakshandsamar: [oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.no](mailto:oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.no) Tilgjengeleg på telefon tysdag og onsdag på 48481130. Eventuelt ta kontakt med Laila Bjørge på tlf: 45375229

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Øystein Hafnor Kolstad  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### **Mottakarar:**

Magnar Askeland

Roslandsvegen 293

5918

Frekhaug